



## Møtereferat

**Gruppe/tema:** Styringsgruppemøte K6 – Tekniske tenester

**Møtestad:** Haram rådhus, Formannskapssalen

**Dato:** 19.10.2018

**Tid:** 08:30 – 11:45

**Møteleiar:** Ole Andreas Søvik

Deltakarar:	Kommune:
Ole Andreas Søvik	Ålesund kommune
Kjell Sindre Johansen	Haram kommune
Kim André Breivik	Sandøy kommune
Frode Helland	Skodje kommune
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog kommune
Ronny Frekhaug og Irene Kalstad Aase	Ålesund kommune
Haldor Lillebø	Delta
Kristin Nonsvik	NITO
Michael Werner	Verneombod

### Saksliste/timeplan:

#### Mål for møtet: Lage ein konkret framdriftsplan

- 08:30 – 08:45: Velkommen v/kommunalsjef for K6 Ole Andreas Søvik
- 08:45 – 09:00: Prosessen vidare – korleis handtere den – møteplan for K6 (sjå neste side)
- 09:00 – 09:30: Avklare kven som skal arbeide med plan – både Styringsgruppe for Plan, samfunnsutvikling og næring og styringsgruppe Tekniske teneste har fått plan i sine mandat. Skal begge gruppene svare – presiser kva som skal svarast ut jf. overordna plan og mindre planar.
- 09:30 – 09:45: Pause
- 09:45 – 11:30: Organisering i K6 med utgangspunkt i vedtatt politisk organisering. Status: Kor langt har faggruppene kome i sitt arbeid, sjå vedlagte referat frå faggruppene og kartet på neste side.

?? Invitere harnesjef Ole Christian Fiskaa til neste styringsgruppemøte 7. november kl. 9-11, Skodje rådhus, jf. faggruppe 7 Hamn – Ålesund og Haram.

Eventuelt

### Referat og konklusjonar:

- Ole Andreas Søvik er tilsett som kommunalsjef for K6 «Tekniske tenester» i nye Ålesund kommune. Han deltok på sitt første møte i styringsgruppa og starta møtet med å ønske velkommen og gav en kort presentasjon av seg sjølv.



Ingen konklusjon.

2. Vi vart einig om at vi må utvide dei siste møtedagane som er satt opp til heildagsmøte for å kome i mål med levering innan fristen:

Tid	Stad	Eventuell informasjon
Onsdag 07.11.2018, 9-16	Skodje rådhus, formannskapssal	Invitere Bjørn Skulstad og Oddvar Kongsvik
Onsdag 28.11.2018, kl. 9-16	Ørskog rådhus, Lauparen	
Onsdag 12.12.2018, kl. 9-13	Ålesund rådhus, 10. etg - 1023	

Faggruppene har sendt sine referat og foreløpige dokument til Irene på førespurnad. Desse referata er sendt vidare til alle medlemmane i K6. Foreløpige innspel frå faggruppene ble gått igjennom av Irene, som hadde samanfatta innspela i eit felles dokument. Dette vart òg diskutert i møtet.

I neste møte må styringsgruppa bruke tid på mål og strategiar for kommunalområdet. Gevinstrealisering er eit viktig stikkord.

Konklusjon: Styringsgruppedlemmane sender vedtekne mål og strategiar for sin kommune til Irene som samanfattar dette i eit felles dokument til neste møte.

3. Konklusjon: Ole Søvik vil ta diskusjonen med leiar for S4, Anne Mette Liavaag, for å få presisert kva som skal svarast ut når det gjeld overordna planar og andre planoppgåver. Fysisk planlegging bør ikkje spittast. Det var styringsgruppa si oppfatning at (styringsgruppe) S4 bør få ansvaret for strategisk- og overordna planlegging, kommuneplanen sin samfunnsdel, og eks. planstrategi og beredskapsplanlegging. Annan planlegging bør leggast til (kommunalområde) K6. andre grensesnitt til S4 er koordineringsfunksjon og overordna planlegging innanfor miljøspørsmål og forureiningsmynde. Alle fagområder må ha fokus på miljø og klima, livskvalitet, berekraftsmål og intensjonsavtalen.
4. Pause.
5. Søvik presenterte organisasjonsmodellar frå nye Asker og nye Kristiansand kommune mv. Presentasjonen er lagt ved referatet her. Viser derfor til denne.

Konklusjon: I forkant av neste møte vil leiar Ole Andreas Søvik ha utarbeida fleire moglege organisasjonskart som vi kan diskutere organisering av K6 ut frå. Søvik vil utarbeide desse saman med nokre medlemmar av K6. Han tek kontakt med 3-4 medlemmar av styringsgruppa. I dette arbeidet må vi vektlegge Intensjonsavtalen sitt innhald og i tillegg halde eit blick på vedtatt politisk struktur i ny kommune. Det er og viktig å diskutere samhandling og prosessar på tvers. Korleis får vi til det? Prosjektorganisering vart diskutert.

Styringsgruppa var samstemt i at virksomhetslederne for VAR og VAP i Ålesund inviterast til neste møte i styringsgruppa. Det er kunn desse leiarane som ikkje er representert i styringsgruppa for sine verksemdområder. Øvrige kommunar har leiarar innanfor områda i styringsgruppa og det



vart derfor sett på som naturleg å invitere dei slik dei kan gi uttrykk for sine meiningar når ulike moglege organisasjonskart skal diskuterast.

6. Faggruppe 7 Hamn.

Konklusjon: Det må utarbeidast eit mandat for å samle hamn og kaier, og havrommet sine moglegheiter, jf. arealplanlegging og saksbehandling mv. Det er vedtatt at vi skal ha Felles styre: Ålesundregionens havnevesen. Kim Andrè sender/har sendt avtaler de har til hamnesjefen i Ålesund. Det var semje om at arbeidet med mandatet til F7 kan vente til etter vi har levert vår første rapport til prosjektleinga.

Irene Kalstad Aase  
Referent